

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 26.10.2021

Gunn Åmdal Mongstad, SP, stilte spørsmål om ho var inhabil då ho er styremedlem i Nærøyfjorden verneområdestyre. Ho opplyste at ho ikkje var på styremøte der saka Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden vart handsama. Mongstad gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at ho var habil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Knut Inge Andersen, FNB, stilte spørsmål om han var inhabil då han er vararepresentant til styret for verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap. Han opplyste at han er vararepresentant og har ikkje møtt. Andersen gjekk frå under vurderinga av om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at han var habil etter forvaltningslova § 6 1. ledd bokstav e.

Gunn Åmdal Mongstad, SP og Knut Inge Andersen, FNB, tiltredde møtet.

Avrøysting

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vert retningsgjevande for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med istandsetjing av kulturminne i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vert retningsgjevande for Vestland fylkeskommune si handsaming av søknadar om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven.